



Referat styremøte og styreseminar

Stad: Loen
Dato: 8. – 9. juni 2023

Torsdag 8. juni:

Orienteringar ved adm dir:
Seminar med tanke på nye styremedlemer:
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, prioriteringar, organisering
Strategiplanen
Tilhøvet mellom administrasjon og styre
Praktisk for nye styremedlemmer

Fredag 9. juni:

Orienteringar frå arbeidet i avdelingane:
Korte orienteringar frå adm
Kommunikasjonsstrategien, Henning Hellebust
Prognose 2023, form og innhald

Desse møtte:

Styreleiar Ivar Kvalen, nestleiar Gunhild Berge Stang, styremedlem Magni Aa Berge, styremedlem Rune Hegrenes, styremedlem Siri Sandvik, styremedlem Knut Arve Helle, styremedlem Therese Nesset.

Styremedlem Magni Aa Berge hadde fråfall fredag 9. juni, men deltok på sakene 25, 26, 27, 28, 29 og 32

Første vara Hege Lothe var varsla om fråfall fredag, men hadde ikkje høve til å møte

Frå administrasjonen:

Leiargruppa: Janne Gimmestad, Thomas Walle (deltok digitalt), Synnøve Bjørset, Tor Martin Leknes (deltok digitalt), Jan Heggheim

Orienteringar i møtet:

Justeringar i organisasjonen



Orienteringar i samband med handsaminga av dei aktuelle sakene:

Rekneskap og prognose

Vedlegg:

Saker til handsaming:

- Sak 25/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste**
- Sak 26/2023 Referat frå styremøte 21. april**
- Sak 27/2023 Rekneskap pr 30. april, orientering om prognoseverktøy**
- Sak 28/2023 Sjukefråvær første kvartal og siste år**
- Sak 29/2023 Besøktal hittil i 2023**
- Sak 30/2023 «Åpenhetsloven», fråsegn**
- Sak 31/2023 Valreglement tilsettere representantar**
- Sak 32/2022 Prioriteringar budsjett 2024**

Sakliste:

Sak 25/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sak 26/2023 Referat frå styremøte 21. april

Vedtak:

Referatet frå styremøte 21. april blir godkjent

Sak 27/2023 Rekneskap pr 30. april Orientering om prognoseverktøy Janne Gimmestad

Vi har problem med rapportgenerator torsdag 1. juni, og vil ettersende rekneskap og førebels prognose når vi får ordna dette, vonleg fredag 2. juni

Vedtak:

Rekneskapen, med omsetning 22 751 225 kr, driftskostnader på 24 306 371 kr, og resultat etter finans på – 986 934 blir teken til orientering. Styret ser fram mot ein nærare analyse av lønskostnadene. Styret ser fram mot ei fullstendig prognose 2 i september.

Sak 28/2023 Sjukefråvær første kvartal og siste år Atle Reidar Sandnes/Jan Heggheim



Sjukefråvær pr. 31.05. 2023


Fråvær i første kvartal 2023


Type fråvær	Fråvær i % 31. 05.23	(Q 1) 2023)
Eigenmelding	1,30	(1,54)
Sjukemelding < 16 dg	0,41	(0,36)
Kortidsfråvær (eigenmeldt og sjukemelding <16 dg)	1,71	(1,90)
Sjukemelding > 16 dg	0,61	(0,90)
Totalfråvær	2,32	(3,80)

Løpande 31.05.22-31.05.23

Type fråvær	Fråvær i %	(31.03.22- 31.03.23)
Eigenmelding	1,46	(1,49)
Sjukemelding < 16 dg	0,64	(0,70)
Kortidfråvær (eigenmeldt og sjukemelding < 16 dg)	2,10	(2,19)
Sjukemelding > 16 dg	2,44	(2,85)
Totalfråvær	4,54	(5,04)

Utvikling over tid





Vedtak:

Styret noterer seg fallande fråver og tek rapporten til orientering.

Sak 29/2023 Besøktal hittil i 2023

Torunn Skarstad/Jan Heggheim

BESØKSSTAD	VAKSNE	BARN	JAN	FEB	MARS	APRIL	31.04.2023	SUM 31.04.2022	Endring i tal	Endring i %
NORDFJORD FOLKEMUSEUM	159	140	0	75	111	113	299	293	6	2,0 %
KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE	169	415	0	258	263	63	584	887	-303	-34,2 %
VÅGSBERGET	0	0	0	0	0	0	0	0	0	#DIV/0!
SUNNFJORD MUSEUM	191	225	0	96	104	216	416	243	173	71,2 %
DHS-SOGN FOLKEMUSEUM	689	159	84	294	301	169	848	297	551	185,5 %
SOGN FJORDMUSEUM	5	0	0	0	0	5	5	0	5	#DIV/0!
KVERNSTEINSPARKEN	132	270	63	104	143	20	330	318	12	3,8 %
NORSK REISELIVSMUSEUM	705	42	0	299	346	102	747	572	175	30,6 %
SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM	1009	138	320	273	359	195	1 147	1 376	-229	-16,6 %
EIKAASGALLERIET	9	0	0	0	2	7	9	54	-45	-83,3 %
ASTRUPTUNET	16	0	0	0	4	12	16	0	16	#DIV/0!
SOGN KUNSTSENTER	0	0	0	0	0	0	0	0	0	#DIV/0!
SUM KVAR MÅNAD	3 084	1 389	467	1 399	1 633	902	4 401	4 040	361	8,9 %
										Auke i %
										8,9

Det er enno tidleg i året, men tala så langt kan gi oss ein peikepinn. I fjord nådde vi nesten 40 000 besøkande, medan talet frå 2019 var 58 000. Det langsiktige strategiske målet er 70 000.

Så langt har vi ein auke på 360 besøkande. Det er som alle ser rundt 9%. Dersom denne trenden held seg, vil årets besøk bli rundt 43 500. Det bør vi ikkje vere nøgde med. Vi gjer mykje bra for tida, og difor blir jobben kanskje å gjere dette kjent for fleire enn vi når no.

Nokre gjer det veldig bra, både De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (DHS-SF) og Norsk Reiselivsmuseum har fine tal. Dei held slik fram trenden frå 2022. DHS-SF nemner betre oppslutning om arrangementa er ei viktig årsak. Av dei som har færre gjester vil nok kunstmuseet få betydeleg løft med Astrupstillinga si.



Kystmuseet har hatt stor formidlingsaktivitet mot barn, men litt sviktande besøk elles.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 30/2023 «Åpenhetsloven», fråsegn

Direktøren bad om ei fullmakt til å gjere greie for verksemda og retningslinene vi har for å handtere eventuelle kritikkverdige forhold innan fristen 30. juni.

Nettsida vil gjere greie for følgjande:

1. Driftsområde og organisering
2. Rutiner for å handsame faktiske og potensielle negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.
3. Eventuelle tilhøve som er avdekte.
4. Kvar ein skal sende krav om innsyn. (e-postadresse)

Vedtak:

Styret gir direktøren fullmakt til å få på plass ei enkel fråsegn på www.misf.no om Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane sine rutinar som følgje av «Åpenhetsloven». Fråsegna skal vere signert av styret, dette blir gjort postalt. Styret ser fram mot ei grundigare drøfting på styremøte hausten 2023. Styret føreset at stiftinga samstundes med publisering på nettsidene har eit enkelt sett retningsliner klart.

Sak 31/2023 Valreglement tilsettere representantar

Jan Heggheim

Vedtak:

Styret rår til at styra i fagorganisasjonane gjer vedtak om endring av §6 i reglementet, slik at dette er i samsvar med vedtektene til stiftinga.

Sak 32/2022 Prioriteringar budsjett 2024

Jan Heggheim

Bygg og anlegg:

Dei synlege sakene er dei større investeringane, Tinghuset og Verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta. Desse er til saman investeringar på over 120 mill

Dei mindre sakene er slike vi som regel må finansiere med driftsmidlar og/eller med eksterne bidrag. Dette er helst utstillingar som krev litt ekstra. Dei «ordinære» utstillingane tek vi i formidlings- og utstillingsplanane. Dei som er på lista no er ny fast utstilling i mellometasjen på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, og heilt ny utstilling på Sogn Fjordmuseum.

Musea i Sogn og Fjordane har 16 større driftsbygningar. Nokre stader er vi leigetakarar, medan andre stader eig vi sjølve. Felles for alle desse bygga er at dei er



om lag på same alder, og både tak, ventilasjonsanlegg og brannteknisk anlegg er modne for utskifting. Vi har ein større søknad inne om renovering av hallane på Kystmuseet, men både De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum og Nordfjord Folkemuseum har bygg som treng større vedlikehald.

Vi har ei stor bygningssamling, og vi har behov for å prioritere dei litt større prosjekta også her. Denne ser slik ut no:

1. Kvammeloftet, vonleg ferdig 2023
2. Hemrebui, oppstart 2022
3. Løsetloftet, oppstart 2022
4. Heggdalsloftet, oppstart 2023
5. Lisetbua, sikra 2022/23, usikker på vidare handling

Så har vi nokre «lettare tiltak» som tidvis kan krevje at vi aktiverer utgiftene. Akkurat no er det møterom og kontor på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum som står på denne lista. Vi har hatt eit lettare kontorbygg i Kvernsteinsparken i planane, men her er vi samde med Hyllestad kommune om at dei kostar bygget og leiger det ut til oss.

Andre tiltak:

I strategiplanen som vart ferdig i desember 2022, har vi lagt opp til ein del føringar som skal ha konsekvensar for budsjettet

- Strategi 3, marknadsretting: Felles marknadsplan, marknadskunnskap, formidling
- Strategi 4, berekraftig drift: Eigeninntekter, besøkstal

Administrasjonen gjennomfører eit systematisk innkjøp av forsikringar i 2023, og det generelle innkjøpsarbeidet bør prioriterast i 2024. Arbeid med eigeninntekter er mangfaldig, og involverer mange.

Ei anna kjelde til kunnskap om satsingar er budsjettsøknaden 2024 til kulturdepartementet og fylkeskommunen. Bakgrunnsnotatet for denne søknaden er lagt ved styrepapira. Her kjem auken i driftskostnader fram. Merk elles at mange av dei tiltaka som er nemnde er tiltak vi skal gjennomføre innafor den ramma vi har i dag.

Eigeninntekter:

Der er to kjelder til auka eigeninntekter: Høgare besøkstal og prosjektinntekter. I budsjettet for 2024 vil vi legge inn ein trainee som blir tilsett for å auke marknadsinnsatsen. Vi vil intensivere arbeidet mot ulike eksterne finansieringskjelder for å auke prosjektinntektene. Særleg vil vi forsterke satsinga på «Program for relevans». Astrup-utstillinga er eit konkret resultat av denne satsinga. Viktige delar av programmet handlar om å forme tilboda slik at dei er lett omsettelege og dimed attraktive for både kjende og ukjende interesserte

Eikaasgalleriet:

Eikaasgalleriet har hatt eit besøkstal på det meste rundt 800. I 2022 var talet 640 besøkande. Det er ikkje tilfredsstillande, og vi må ta opp samtalen med Sunnfjord kommune om endra konsept.



Innkjøp:

MiSF har i dag svært uorganisert og truleg dyrt innkjøp. Det er naturleg å satse på dette kostnadsområdet. Liten kapasitet på økonomisida har gjort at vi må utsetje dette. Det er vanskeleg å estimere effekten.

Pensjon:

Pensjonspliktene våre er aukande og må reduserast. Spørsmålet er løfta med dei tillitsvalde, men vi har ikkje begynt prosessen. Dette er ein viktig premiss for budsjett 2024.

Konklusjon:

Vi legg fram ei fullstendig liste over større investeringar og vedlikehald på styremøtet, her vil også gjennomførte tiltak komme fram.

Vedtak:

Styret tek lista over tiltak til vitende, og stør prioriteringane som er gjort der.

Sak 33/2023 Ymse/Innmelde saker